



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 05.09.2025

Vår ref.: 202412343-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Anders Kvaløy Olsen

ako@nve.no

Høyring av førespurnad om å legge ned dam Laugevatn i Tokke kommune i Telemark

NVE har motteke førespurnad frå Vest-Telemark Kraftlag datert 4.7.2024, om førehandsvurdering av konsesjonsplikt for å legge ned dam Laugevatn. Kopi av førespurnaden er lagt ved.

Førespurnaden skal behandlast etter vassressurslova § 18 jf. § 41. NVE skal på bakgrunn av førespurnaden vurdere om tiltaket kan føre til skader og ulemper av eit slikt omfang for allmenne interesser, at det oppstår konsesjonsplikt etter vassressurslova.

Omtale av tiltaket

Laugevatn dam er ein steinbygd demning frå om lag 1900, delvis mura og rehabilitert med betongkappe i 1985. Den ligg ved sørenden av Laugevatn i Tokke kommune og har eit magasinivolum på ca. 1,5 millionar m³ og eit nedslagsfelt på 25 km². Den er ikkje i aktiv bruk.

Vest-Telemark Kraftlag AS ønskjer å rive dammen på grunn av manglande nytte, høge vedlikehaldskostnader og pålegg om vedlikehald frå NVE. Planen omfattar nedtapping gjennom eksisterande luke, etablering av riggplass, fjerning av betong og stein for gjenbruk eller deponering. Fjerning av dammen vil senke normal vasstand i Laugevatnet med om lag 1,4 meter.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemelding på om kjende allmenne interesser blir ramma av tiltaket, som til dømes friluftslivsinteresser og kulturminne. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Kva gjer du dersom du ønskjer å uttale deg?

NVE ser helst at uttalar vert sendt elektronisk til nve@nve.no Merk e-post med «Høyringsuttale 202412343» i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Frist for innsending er **20.10.2025.**

I tillegg kan du sende uttalar per post til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo. Uttalar, eller delar av uttalar vil bli referert i eit endeleg vedtak.

Med helsing

Silje Aakre Solheim
seksjonssjef

Anders Kvaløy Olsen
seniorrådgjevar

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Mottakarliste:

TOKKE KOMMUNE

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK

TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

VEST-TELEMARK KRAFTLAG AS